

Frivilligstrategi Ål kommune 2026 – 2028

Planforslag til 1. gongs behandling og offentlig høyring
Sist revidert 15. Oktober 2025



Innhald

Frivilligheita er limet i lokalsamfunnet vårt	s. 3
Frivilligstrategien er for og med frivillige lag og organisasjonar	s. 4
Kommunale føringar	s. 5
Visjon	s. 6
Mål	s. 7
Rekruttering og kompetanseheving	s. 7
Økonomi	s. 8
Aktivitetsareaner	s. 8
Forenkling og koordinering	s. 9
Å vere synleg	s.10
Oversikt over frivillige lag og organisasjonar i Ål	s.11

Prosjektgruppa har bestått av

Anita Buschmann - Krusedokken v/Kulturkontoret Ål kommune

Turid Hilde Gåsbakk v/Ål Frivilligsentral

**Rullering av frivilligstrategi 2026 - 2028 vart gjort på
bakgrunn av evaluering av referansegruppa 2023-
2025**



Frivilligheita er limet i lokalsamfunnet vårt!

Frivilligheit er definert som ei verksemd som er basert på frivillig tidsbruk utan løn, som har eit ikkje-kommersielt føremål og som er til fordel for samfunnet eller miljøet. Definisjonen av begrepet dugnad er frivillig, ubetalt arbeid som blir gjort i fellesskap. Både frivilligheit og dugnad er viktige begrep for at samfunnet skal gå rundt.

Frivilligheita har betydd og betyr framleis mykje for utviklinga av velferdssamfunnet vårt, for relasjonsbygging, trivsel, læring, meistring, utvikling og tilhøyrse. Det er samarbeid og bidrag til fellesskapet, det er engasjement, og det er eit ynskje om å nå eit felles mål. For at samfunnet skal fungere og vekse må alle innbyggjarane bidra.

Det frivillige arbeidet må ikkje takast for gitt. Dei frivillige er personar som yter ein ekstra innsats for klubben, laget og bygda. Det er ei stor breidde av frivillig arbeid, og alle er like viktige. Denne frivilligstrategien rettar fokus mot å ta endå betre vare på dei frivillige, støtte opp om deira engasjement og gje dei gode vekstvilkår. Ofte er det eldsjeler som står for mykje av det som skjer, og me må passe på så dei ikkje blir utbrent. Me har alle eit ansvar for at samfunnet skal gå rundt, for å gje aktivitetstilbod til barna våre, til dei eldste i samfunnet og til dei inaktive. Me skal inkludere alle uansett bakgrunn og utfordring, og sørge for å gje alle ei god kjensle av tilhøyrse, motivasjon og fellesskap. Me kan alle bidra litt til å auke aktiviteten, folkehelsa og bulysta i kommunen vår.



Frivilligstrategien er for og med frivillige lag og organisasjonar

Frivilligstrategien skal vere eit grunnlag for Ål kommune sin utøvande frivilligpolitikk og styrke samarbeidet mellom kommunen og frivilligheita. Den skal skape legitimitet for frivillig innsats og forenkle samarbeidet mellom kommunen og dei frivillige. Det er viktig at frivilligstrategien støttar opp om mangfaldet av areaner, aktivitetar og arrangement og bidreg til gode og inkluderande møteplassar.



Kommunale føringar



Ål kommune byggjer på prinsippa om kommune 3.0. Det er ein metode som omfattar samskaping, der tilsette, politikarar, innbyggjarar, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv saman finn ut korleis eit behov eller ei utfordring skal bli løyst. Det er fokus på læring og meistring og ansvarleggjering av eigne innbyggjarar. Når kommune og frivillige spelar på lag, kan ein saman få til mykje meir enn kvar for seg.

Ål kommune sin frivilligstrategi byggjer på det fundamentet som er lagt i ulike kommunale planar, presentert nedanfor.

Kommuneplan Ål kommune 2015-2027:

Kommuneplanen har fleire mål som er relatert til frivillig arbeid, der fokuset ligg på samarbeid, folkehelse, mangfald, engasjement, vidareutvikling, bu- og blilyst. Frivilligstrategien skal bli integrert i alle delplanar der det er naturleg.

Kulturplan 2026 - 2029 :

I punkt 4 i overordna mål i kulturplanen står det: "Den frivillige innsatsen skal stimulerast og støttast".

Temaplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2021-2025 :

I temaplan for idrett er det fokus på styrking av idrettslaga, friluftslivet og sykling. Planen har og enkelte mål med tiltak som gjeld frivillig sektor.

Strategiplan for frivilligsentralen 2025-2029:

Planen er tufta på statlege og kommunale føringar for frivilligsentralane.

Føremålet med planen er å skape gode og forutsigbare vilkår for frivilligsentralane.

Frivilligsentralane skal

- stimulere til frivillig innsats
- vere opne møteplassar for befolkninga
- vere eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor

Helse- og omsorgsplan 2025-2028:

I denne planen er det også vist til ulike nasjonale planar. Folkehelse og frivillig innsats er nemnt i alle desse planane.

Oppvekst 2030, strategidokument:

Visjonen er: alle som veks opp i Ål skal bli flygedyktige og rotfaste.



Visjon

I Ål har me eit godt og utviklingsorientert samarbeid mellom kommune og frivillig sektor, som bidreg til engasjement, fellesskap, mangfald og inkludering.

FNs berekraftsmål er ein arbeidsplan for å utrydde fattigdom, motarbeide ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Ål kommune sin frivilligstrategi vil ha fokus på dette:



I frivillig sektor hjelper me barn som veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt slik at dei får gode og inkluderande fritidsaktivitetar.



Frivillig sektor bidreg til å redusere matsvinn og bruk av plast på aktivitet/arrangement, og oppmodar til gjenbruk i organisasjonane.



Frivillig arbeid bidreg til å sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder.



Frivillig sektor tek sikte på å bruke fornybar energi og miljøvenlege materialar ved utbygging og transport, for å redusere utslepp av klimagassar.



Frivillig sektor arbeidar for å oppnå likestilling, forståing og aksept for alle kjønn.



Frivillig sektor bidreg til å ta vare på og fremje berekraftig bruk av naturressursar og unngå unødvendige inngrep i naturen.



Frivillig sektor bidreg til inkluderande møteplassar utan omsyn til bakgrunn/utfordringar, der ein nedkjempar rasisme, diskriminering, antisemittisme, sosial kontroll og fordommar.



Frivillig sektor bidreg til sosialt fellesskap og rettferd ved å fremje fredelege og inkluderande lokalsamfunn.



Frivillig sektor bidreg til trygge og inkluderande lokalsamfunn, med miljøvenlege aktivitetsarenaer av god kvalitet. Transportordningar er noko ein må jobbe med.



For å nå berekraftsmåla, blir det lagt til rette for samarbeid mellom kommune og frivillig sektor og mellom organisasjonane.



Mål

Rekruttering og kompetanseheving

Ål kommune vil arbeide for å rekruttere nye medlemmar og fleire tillitsvalde i dei frivillige organisasjonane. Organisasjonane treng både god kompetanse og god økonomi for å betre og auke aktivitetsnivået. Det viser seg å vere eit særskilt behov for å rekruttere ungdom og unge vaksne til frivillig arbeid.

Auka rekruttering og kompetanseheving

Halde jevnleg dialogmøte for frivillig sektor, med fokus på kompetanseheving i tema som dei frivillige har behov for

Ha møte i Ål Arrangementsforum to gonger i året, med fokus på erfaringsdeling, arrangementsutvikling og kompetanseheving

Vidareføre og vidareutvikle årleg fritidsmesse og arbeide for auka deltaking- og publikumstal

Stimulere til meir mangfald og inkludering i frivillig sektor gjennom å auke kompetansen, rettleie, støtte tiltak og nytte verktøyet "Alle med" for barn og ungdom

Rekruttere fleire frivillige gjennom å vere synleg og tilgjengeleg, ha gode rutiner for opplæring, ta godt vare på og setje pris på dei frivillige, gje dei gode vekstvilkår og invitere til sosiale samankomstar. Arbeide spesielt for at fleire ungdomar og unge vaksne engasjerer seg i frivillig arbeid. Organisasjonane må ta ansvar for dette.



Økonomi

Oversikt over tilskotsordningar, krav til søkjar og kompetanse på søknadsskriving er ei utfordring.

Kommunen har eit ansvar for å kommunisere ut kommunale tilskotsordningar i eigne kanalar. Ål kommune vil også arbeide for å gjere det enklare å søkje tilskot og gjere informasjon om eksterne støtteordningar meir tilgjengleg.


Økonomi
Informere, bistå og kurse frivillig sektor om tilskotsordningar og søknadsprosessar
Kommunen skal i størst mogleg grad forskottere spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet
Vidareføre ordningane for tilskot til preparering av skiløyper, tilskot til kulturformål, arrangementstilskot og tilskot frå idrettsråd, musikkråd, ungdomsråd og teneste som offentlig bading
Gjere eksterne tilskotsordningar meir tilgjengelege på eksisterande digitale plattformer

Aktivitetsarenaer

Gode aktivitetsarenaer er avgjerande for å kunne ha aktivitet og rekruttere fleire medlemar. Ål

kommune vil arbeide for å gjere lokale for aktivitet og møte meir tilgjengelege for fleire organisasjonar og målgrupper. Tilgang på gratis og rimelege lokale er viktig for frivillig sektor. I dag er det ein del aktivitetsarenaer som ikkje har fylt opp kapasiteten sin, og kommunen vil oppmode frivillig sektor til å tenkje meir sambruk for aktivitetsarenaene sine. Når ein byggjer nye anlegg, er det viktig å tenkje både fleirbruk, universell utforming og medverking frå dei som skal bruke anlegget.

Enklare tilgang på aktivitetsarenaer
Ha oversikt på kommunale fysiske lokale for aktivitet og møteverksemd
Leggje til rette for gratis møtelokale til frivillig sektor
Stimulere til utbygging av føremålstenlege og moderne anlegg til idrett og fysisk aktivitet gjennom bruk av kommunale tilskot og statlege spelemidlar
Oppmode til meir fleirbruk og sambruk av eksisterande og nye anlegg og lokale



Forenkling og koordinering

Ål kommune tilrår at kommunen, i dialog med frivillig sektor, ser nærare på tiltak som styrkjar samspelet mellom kommunen og organisasjonane og organisasjonane seg i mellom. Særleg blir “èi-dør-inn” trekt fram som ein viktig faktor for at frivillig sektor skal oppleve kontakten med kommunen som enkel. For å styrkje samarbeidet mellom organisasjonane er det viktig at organisasjonane sjølve tek initiativ til erfarings- og kompetansedeling og tilbyr tenestene sine på tvers. På same tid bør kommunen søkje å fange opp ynskje og behov ute i frivillig sektor og bidra til felles møteplassar for samarbeid.

Forenkling og koordinering
Vidareføre og formalisere Ål kommune sitt servicetorg og postmottak som fyrste kontaktledd for frivillige lag og organisasjonar
Melde inn ynskje og behov for kompetanseheving/utdanning/kurs og tilby relevant kompetanse på tvers av organisasjonane
Mobilisere, formidle, koordinere og vidareutvikle frivillig arbeid, med sikte på å styrkje sosialt fellesskap og ta vare på individuelle behov
Kommunen skal engasjere seg ute i lag og organisasjonar for å bli betre kjent
Leggje til rette for møtepunkt for organisasjonar innan same interesse-/fagfelt
Oppmode til meir samkøyring blant lokalbefolkninga
Stimulere til meir aktiv bruk av råd og utval som innspelspart og talerøyr inn mot kommunen



Å vere synleg

Organisasjonane har sjølve eit ansvar for å synleggjere og marknadsføre tilboda sine. Ål kommune har og eit ansvar for å ha gode løysingar slik at informasjonen når ut til lokalbefolkninga.

Kommunen ynskjer å bidra til koordinering og samordning av informasjon. Bruken av portalane for aktivitet og arrangement i Hallingdal bør bli auka og forenkla. Eit anna viktig tiltak for å synleggjere frivilligheita er å måle verdiskapinga av frivillig arbeid. Her er det viktig at frivillig sektor bidreg med innrapportering slik at frivilligheita får større slagkraft.

Å gjere frivillig sektor meir synleg

Arbeide for og bidra til at alle lag og organisasjonar publiserer sine aktivitetar, tilbod og arrangement på aktuelle digitale plattformer

Sikre at informasjon til og om frivillig sektor er tilgjengeleg og oppdatert i kommunen sine kanalar

Lag og organisasjonar bør sørge for å ha oppdatert informasjon om organisasjonen og tilboda sine i eigne kanalar

Måle verdiskaping av frivillig arbeid kvart 4. år

Sende ut jevleg nyheitsbrev til alle lag og organisasjonar



Oversikt over lag og organisasjonar

Andebarkji Terrengsykkelklubb	Liatoppen skisenter	Votndalen grendeutval
Astma og allergiforbund Hallingdal	Låveopera på Sehl	Vårvon indremisjon
Bakken velforening	Mental helse	World Cup Telemark
Baklivegen vel	Naturvernforbundet i Hallingdal	Øvre Hallingdal steinklubb
Ballkjerringan i Sando (volleyball)	Nigardsstugu aktivitetshus	Øvre-Ål/Kvinnegardslia løypenemnd
BAMA Alpin festival	Norsk Radio Relæ Liga Hallingdal	Ål 4H nemnd
BAMA Liatoppen skiskytterfestival	Norske redningshunder NMHL	Ål bygdemarkiv
Between	Nye Landsmenn forbund Hallingdal	Ål bygdekvinneleg
Buskerud Teater	Oppheim grende og skolehus forening	Ål Cup Fotball
Breie grendahus	Offentleg bading Nedre-Ål	Ål Cup Handball
Deaf Aid Insinya	Pensjonistforbundet Ål	Ål diakoninemnd
Deaf Aid Insinya Bruktbutikk	Pinsekirken HÅP i Hallingdal	Ål eldrelag
Fekjastølsvegen velforening	Rumpetrollgruppa NJFF	Ål eldreråd
Fjellet idrettslag	Råd for menneske med nedsett	Ål Frivilligsentral
Fjellet idrettslag Allidrett	funksjonsevne	Ål fråhaldslag
Fjellet idrettslag Ski	Samklang 4H	Ål historielag
Fjellet idrettslag Trim	Samklang turn	Ål husflidslag
Folkemusikkveka	Sando Innebandy	Ål idrettslag
Framstøling	Sando Volleyballag (herrer)	Ål idrettslag Alpin
Fram Ungdomslag	Sangefjell skiløypelag	Ål idrettslag E-sport
Fryd Scene	Senioruniversitetet	Ål idrettslag Fotball
Galleri Normisjon Ål Bruktbutikk	Sjældri Fotoklubb	Ål idrettslag Friidrett
Geysir islandshestforening	Skjærgårds Live	Ål idrettslag Handball
Granhagen velforening	Slektsgruppe Hallingdal	Ål idrettslag Klatring
Gullhagen Julecup	Småjobbsentralen i Ål	Ål idrettslag Langrenn
Hadding skyttarlag	Stabburfrieri (Leveld Kunstnartun)	Ål idrettslag Orientering
Hago Velforening	Storhelg i Hallingdal	Ål idrettslag svømmegruppa
Hallindal Paragliderklubb	Sundre Skiforening	Ål idrettslag Taekwon-do
Hallingdal Dansekompani	Sundre Vel	Ål Idrettsråd
Hallingdal forsvarsforening	Sundreball	Ål jeger og fiskeforening
Hallingdal fotballklubb	Sveipelaug i Ål	Ål kantori
Hallingdal frisbeeklubb	Swingkvelder for unge vaksne	Ål KFUK/KFUM speiderane
Hallingdal Juniorspelemannslag	Tennis Ål	Ål koret
Hallingdal Jægersextett/Oktett	Torpo 4H	Ål kulturskule
Hallingdal Låtelag	Torpo barne- og ungdomsklubb	Ål kunstforening
Hallingdal Motocrossklubb (MXK)	Torpo bygdekvinneleg	Ål kyrkjelege fellesråd
Hallingdal Pistolklubb	Torpo Drilltropp	Ål kyrkjeakademi
Hallingdal Swingklubb	Torpo Idrettslag	Ål Lions
Hallingdal toraderlag	Torpo Idrettslag Allidrett	Ål MC-klubb
Hallingdal Vinterlaugarlag	Torpo Idrettslag Fotball	Ål Miniatyrskytterlag
Hallingen Hestesportsklubb	Torpo Idrettslag Ski	Ål museumsleg
Hallingskarvet Triathlonklubb	Torpo Musikkorps	Ål musikk-korps
Hard Rocx Terrengcamp	Torpo Normisjon	Ål musikkråd
Heimstølhovda Løypelag	Torpo Skiløypelag	Ål Normisjon
HLF Hol og Ål	Torpo skyttarlag	Ål og Hol mållag
Huckfest (Hillbilly MTB)	Torpo Vel	Ål og Torpo Fotballtrim
Hugnad ungdomslag	Ungdommens Røde kors	Ål rekkertklubb
Human-Etisk forbund	Uppheim Skyttarlag	Ål Rideklubb
Ice Music Festival	Vats løypelag/Bergsjøområdet	Ål Rotary
Kilden menighet	Vats og Leveld skyttarlag	Ål Røde Kors
Klubb 3:16	Vats Røde Kors hjelpekorps	Ål Røde Kors Hjelpekorps
Knøttecup (Torpo IL)	Venelaget til Ål Kulturhus	Ål skiskytterlag
Kor for oss	Venner av Hallingdal Sjukestugu	Ål spel- og dansarlag
Krik Ål	Veståsen løypelag	Ål stibyggarlag AS
Kårstugu	Villom	Ål søndagsskulelag
Leveld bygdekvinneleg	Volleyball for herrer	Ål treskjerarlag
Leveld Kunstnartun	Volleyball for ungdom	Ål Turlag
Leveld Teaterlag	Votndalen 4H	Ål Ungdomsfrivilligsentral
LHL Ål	Votndalen bygdekvinneleg	
Liatun forsamlingshus		
Liatoppen og Votndalsåsen løypelag		





Ål kommune
Torget 1, 3570 Ål
Tlf: 32 08 50 00
www.aal.kommune.no



Ål Frivilligsentral
Myren 40, 3570 Ål
Tlf: 90 70 86 37
www.aal.frivilligsentral.no

